

NOTAT OM MAT&HELSE 6.KLASSE ØVREBYGDA SKULE

På Øvrebygda skule har elevane Mat&helse i 7. klasse fordi det passar pedagogisk betre inn i måten me har organisert opplæringa på mellomtrinnet på skulen vår..

Me har hatt faget i 6. klasse, men det førde til fleire uheldige konsekvensar i høve timebyteplanen vår. Då måtte me slå saman 5.kl og 7.kl i nokre fag, og det blei ikkje ein god organisering av opplæringa.

Viss 7.klasse vert flytta ned til hausten 2018, mistar dei såleis eit heilt fag, og skuleeigar har plikt til å leggja til rette for at elevane får den opplæringa dei skal ha.

KVA ALTERNATIV LIGG DÅ FØRE:

1. Dei kan få opplæringa i lag med elevar i 6. klasse på Rimbareid skule eventuelt som ei eiga gruppe frå hausten 2018. Dette må Rimbareid skule seie noko om som kjenner elevgruppene, timebyteplanen og eventuelt kva som er mogleg å få til.
2. Elevane i 6. klasse får tilbod om Mat&helse resten av skuleåret ved Øvrebygda skule. 7. klasse har allereie då hatt 51 av 114 timar i faget. Det gjenstår 63 timar. Rommet der opplæringa i Mat&helse går føre seg, er ikkje rigga til ei gruppe på 12 med utstyr og plass og me må såleis kjøpa inn meir utstyr og sjå på plassen generelt. Elevane i 6. klasse vil mista 3 timar i samfunnsfag/naturfag i perioden og me har også elevar med spesielle behov både i 6.7. klasse. Det betyr at dei ikkje får dei timane i faget naturfag/samfunnsfag som me har sett opp i timebyteplanen vår. Korleis me skal justere dette, vert ei utfordring.

Rektor konkluderer med at flytting av 7. klasse vert uheldig i høve elevane si opplæring. Skulen treng lengre tid å rigga endringar, og klarer såleis i liten grad å ta høgde for dette alt frå nyttår av.

24.11.2017

Sigbjørn Aarland
-rektor-